

Til
Hordaland Fylkeskommune
att. Fylkesrådmannen

Klage på vedtak i samband med avslag på søknad Kompensasjonsmidlar 2014

Stiftinga Hardanger Kunstskeule (HAKU) bed om at denne klagen vert lagt fram for fylkesutvalet i samband med handsaming av sak **PS 52/2015 onsdag 18. februar**.

Stiftinga Hardanger Kunstskeule vil nytta seg av klageretten i.h.t. Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler § 17, 3. avsnitt: *Vedtak truffet av andre tilskudds forvaltere kan påklages til den som har delegert tilskuddsforvaltningen til denne.*

Gjer merksam på at klagen ikkje gjeld vedtak, men innstilling frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland som har innstillingsansvar overfor Fylkesutvalet på tildeling av desse midlane. Me meiner å kunna dokumentera at det er gjort sakshandsamingsfeil.

Bakgrunn: Kvam herad nyttar Kvam Næringsråd som innstillingsorgan overfor Sunnhordlandsrådet i samband med den lokale handsaminga av desse søknadane. Me forstår også at Kvam Herad ikkje var kjende med dei endringane som HFK har gjennomført i samband med tildelingskriteriene.

Lokalt var der fyrst gjeve ei positiv innstilling frå administrasjonen på kr. 300 000. Styret i Kvam Næringsråd såg svært positivt på innstillinga og auka den til kr. 500 000.

Samarbeidsrådet i Sunnhordaland gav følgjande innstilling:

«Søknaden er i frå ei bedrift som ikkje oppfylle kravet om lønnskostnader på over 15.mill. kroner og går på støtte til marknadsføring. Marknadsføring fell inn under drift og kan ikkje støttast.

Styringsgruppa vurderer at søknaden fell utanom kriteria for bruk av kompensasjonsmidlar går inn for at søknaden ikkje vert stetta. Hovudkriteriet er at søkjar ikkje fyller krava som vert stilt for å søkja.»

Det er 2 punkt ein syner til i avslaget:

1. ...*Ikke oppfyller kravet om lønnskostnader på over 15.mill. kroner*
2. ...*går på støtte til marknadsføring. Marknadsføring fell inn under drift og kan ikkje støttast*

Punkt. 1:

Når det gjeld dette punktet, så er det isolert sett rett, men punktet er eit av 3 målgrupper.

Dei 3 målgruppene er:

regionale utviklingsaktørar; (Med regionale utviklingsaktørar meinast organisasjonar og andre som har som formål å arbeide med næringsutvikling i vid forstand som til dømes næringsforeiningar, næringssselskap, vidaregåande skular, høgskular, nettverksorganisasjonar med meir)

kommunane

større bedrifter (bedrifter med over 15 mill i lønnskostnader)

HAKU sorterer utan tvil under målgruppa regionale utviklingsaktørar.

HAKU er ein vidaregåande skule godkjend etter privatskulelova (seinare ein såkalla Kap. 4 skule under Vaksenopplæringslova). Dette er skular utan parallellar i den offentlege skulen.

Syner også til Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 som det overordna styringsdokumentet, der hovudstrategiane i næringsplanen er:

- Hovudstrategi 1: Meir entreprenørskap og innovasjon.
- Hovudstrategi 2: **Fleire med meir relevant kompetanse.**
- Hovudstrategi 3: Ein velfungerande bergensregion og attraktive regionale senter

Punkt. 2: Det er rett at marknadsføringsmidlar inngår som driftsmidlar. Slik det framgår av søknaden er det ekstraordinære marknadsføringmidlar me søker etter. HAKU er ei ideell stifting, og har ikkje høve å driva kommersielt i den forstand at ein kan gje utbytte til eigarar. Eventuelt overskot skal nyttast på elevane.

HAKU vil vere eit prosjekt inntil søkjarmassen er så pass høg at ein oppnår normal drift. Det er difor behov for prosjektmidlar i ein oppstartsfase. Spørsmålet er om ekstraordinære midlar i ein oppstartsfase kan sjåast på som ordinære driftsmidlar eller prosjektmidlar/oppstartsmidlar.

Krav til søknad og prioriteringskriterier i det nye regelverket er tydeleg på kva det **ikkje** kan søkjast midlar til:

kulepunkt 1: Drift av næringsverksemd eller organisasjonar

Dette er også i tråd med dei nasjonale føringane.

Når det gjeld dei statlege føringane så er det Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidlar som ligg til grunn. Me meiner å ha dekning i høve § 8 i førskrifta :

«Tilskuddet kan dekke de deler av kostnadene som er direkte tilknyttet realiseringen av prosjektet/tiltaket.»

Det vert då ei skjønsmessig vurdering korleis ein ser på realiseringsperioden for prosjektet. Er skulen i normal drift eller er ein framleis i ein prosjektfase?

Me har ein skule i Aust Agder; Kragerø Kunstsule», som er godkjend etter same lovverk som oss. Dei har motteke 7 mill. i oppstartsmidlar frå Fylkeskommunalt næringsfond, og i fjor 1 mill. i marknadsføringstilskot. (vedl. Utklipp avisartikkel).

Konklusjon:


Me bed Fylkesutvalet returnere vår søknad til Sunnhordalandsrådet for å få ei ny vurdering av vår søknad, då innstillinga byggjer på nokre feilvurderingar:

1. Dei meiner me ikkje er ein reell søkjar, då dei knyter oss til «Større bedrifter». Dette er feil, då me soknar til gruppa Regionale utviklingsaktørar.
2. Dei skil ikkje mellom ordinære og ekstraordinære midlar i samband med marknadsføring. Sjølv om skulen har starta opp, så vil HAKU ein periode framleis ha bruk for ekstra oppstartsmidlar. I flg dei sentrale føringane for regionale utviklingsmidlar, kan følgje eit prosjekt inntil 5 år. Det vert også i synt til at det er viktig å følgje opp prosjekt som ein tidlegare har gjeve støtte til og som er under realisering.

HAKU er eit slikt prosjekt.

Mvh

Stiftinga Hardanger Kunstsule



Dag Rune Mo, styreleiar